

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
1
ROGALAND
1947

Namnet på vatnet

Kommune

Maudalsjøen
Birkeland / Gjedde

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga, er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Oyvind
Vasshaug.

M A U D A L S V A T N E T

Fiskeanalyesen vart foreteken den 2. september 1977.

Vatnet ligg i Bjerkreim/Gjesdal kommunar og med "Trollakyrkja" i sør og "Vinjakula" i nord.

Arealet er omlag 175 ha. og h.o.h. 267 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men dei stupbratte fjellsidene ned mot vatnet tyder på eit vesentleg djup.

Stranda består for det meste av stein og fjell.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner for ein stor del om snaufjell og skogsmark, men og ei del kultivert mark i aust.

Vegetasjonen i vatnet er sparsam, men spredt botngras, mose- og algevegetasjon vil ein finna.

Hovudtilsigtet "Maudalsåni" fell inn i nord-aust og foruten denne fell det inn ei rekke større og mindre bekketilsig ymse stader. Avlaupet renn ut i vest og går om Roaldstjernet ut i Espelandsflæt.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 10.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita pH er målt til 5.1 som er i suraste laget for yngel og småfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er 0.3 mg/l og den totale hardheita 0.5 mg/l. Vatnet er såleis mykje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne = 22.09

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 3 vårflugelarver, 2 fåbørstemark og 1 musling - i alt 60 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 20 fåbørstemark, 21 fjærmygglarver og 8 vårflugelarver - til saman 490 individ pr. m^2 .

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok ein mageprøver av 3 fiskar.

Her vart det funne fjærmygglarver, myggupper, mudderflugelarver, gelekreps, hoppekreps og biller.

Planktonprøver.



Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m, og eit vertikaltrekk på 10,0 m, med planktonhov. Resultatet av begge prøvene må karakteriserast som mykje fattig.

Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 183 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, vil dette grafisk framsynt sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 31 aurar og av desse var 20 rode, 8 lysrøde og 3 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 25 hanfiskar og 6 hofiskar.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

21 fiskar (68%) var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4,9	10,4	15,9	20,8	25,0	27,1	29,4
Årleg lengdetilvekst i cm	4,9	5,5	5,5	4,9	4,2	2,1	2,3
Antall fiskar	31	31	31	29	26	10	2

Medel kondisjonsfaktor = 1,02 tilseier fisk av bra kvalitet.


Vi har på neste side sett opp ein vekstkurve for auren i Maudalsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner auren i Maudalsvatnet ein god lengdetilvekst og ligg over normalkurven like til 5 års alder.

Fisken går mot ei maksimallengd på ca 32-33 cm, men det er berre få fiskar som vil nå opp i denne storleiken. I eit såpass stort vatn som dette vil det sjølvsagt finnast noko fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar". Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig og surt, men med eit forbausande rikt fiskebestand som ser ut til å vera tåleg bra avpassa det næringsførrådet vatnet byd på. Dei kjemiske tilhøva er ikkje så gode som ynskjeleg, noko som for ein stor del skuldast den sure nedbøren vi i dag får. I sørlege- og vestlege vindretningar kjem industriøyken frå kontinentet inn over Sør-Vestlandet og fell her ned saman med nedbøren. Om nedslagsfeltet då ikkje er i stand til å nøytraliser svovelstoffa har det lett for å gå galt. Nedslagsfeltet spelar i det heile ei avgjerande rolle for næringstilgangen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn.



Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Maudalsvatnet består for ein stor del av snau-fjell, der harde og sure bergarter dominerer. Det er såleis lite med mineral- og næringsstoff som gjennom tilsiga blir tilført vatna. Men hovudtilsiget "Maudalsåna" er betre stilla i så måte. Denne renn for ein del gjennom gjødsla, kultivert mark og fører ein vasskvalitet som er betre enn dei andre tilsiga. Dette er særskilt viktig, då Maudalsåna også byd på ypperlige gytte- og opp-

veksttilhøve over store strekningar. Det er såleis Maudalsåna å takke for det rike fiskebestandet ein i dag har i vatnet og for at vasskvaliteten (pH) framleis er brukande for fisken.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til Maudalsvatnet går saman og skipar til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske medan grunneigarane sjølv har eineretten til garnfisket. På denne måten vil ein kunne føre eit visst tilsyn med fiskinga, samstundes som ein vil få inn nokre kroner til aktuelle kultiveringstiltak.

Den fiskinga som har gått for seg i seinare år må halde fram omlag som før og gjerne intensiverast noko i åra framover. Det vil årleg koma store årgangar med yngel og småfisk ut frå Maudalsåna og dette kan lett føre til overbefolking om ein ikkje driv naudsynt utfisking. Sjølv i dag er fiskebestandet i største laget og det er småfisken som fullt ut dominarar. Ved å intensivere fisket noko vil ein kunna oppnå både sterre fisk og betre kvalitet.

Med omsyn til den sure nedbøren så er det førebels lite ein kan gjera med dette. Vi får berre vone på eit internasjonalt samarbeid for å minske forureininga, så vil det på ny bli betre tilhøve for fisken i mange vatn.

Stavanger 1/2 1978

Einar Berg